



Harald Johannes Hansen  
Fonnebostvegen 128 A  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/17275 - 21/26600

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:  
02.06.2021

## Endringsvedtak - Restaurering av gamal løe - gbnr 106/11 Fanebust

**Administrativt vedtak:**      **Saknr: 491/21**  
**Tiltakshavar:**              Harald Johannes Hansen

**Søknadstype:**              Søknad om endring av tiltak

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 , jf. § 20-4 § , vert søknad om endra plassering av driftsbygning godkjent i samsvar med søknad på følgjande vilkår:

- Løa skal plasserast utanfor sikringssona for Den trondhjemske postvei, i samsvar med
- Vedtaket skal sendast Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen til klagevurdering

**Før det vert gitt ferdigattest, skal det sendast inn ny situasjonsplan med faktisk plassering av bygningen. Situasjonsplanen skal visa avstandar til kjente punkt, som stolpar, hushjørne, grensepunkt og liknande.**

### Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til riving og oppattbygging av løe , jf. vedtak datert 18.11.2020, sak nr 1244/20.

Endringa gjeld flytting av bygningen ca 75 m mot søraust, nærare. Tiltakshavar skriv:

Forfatningen på eksisterende låve, slik den fremstår i dag, er dårlig. På grunn av store utfordringer med tilvekst rundt låven, med røtter som går inn under låvens ring-/grunnmur er det ønskelig å ta ned eksisterende konstruksjon, omgjøre det til hageareal - og sette låven opp igjen et annet sted på gården (gnr. bnr. 106/11).


Det vert elles vist til søknad mottatt 19.04.2021 .

### Saksbehandlingsfrist

Søknaden var komplett og klar for behandling den 19.04.2021, og frist for saksbehandling etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne datoen.

### Nabovarsel

Nabovarsling av endringa er ikkje nødvendig.



### Plassering

Ny plassering av tiltaket er vist i revidert situasjonsplan datert mottatt 19.04.2021.

### **Planstatus**

Bygningen ligg som LNF i kommunedelplan for Lindås 2019 - 2031.

Bruket er i drift, i følgje liste frå Landbruksavdelinga.

Tiltaket er i samsvar med arealføremålet. Men det viser seg at den nye plasseringa er innafor omsynssone H570\_oK08 (Den Trondhjemske postvei).

**Uttale frå andre styresmakter** Søknaden har vore sendt på høyring.

### **Vestland fylkeskommune – kulturarv**

har komme med kulturminnefaglag fråsegn etter synfaring med vegstyresmakter og tiltakshavar:

#### **Konklusjon**

Omsøkte reiskapsbygg skal plassert utanfor omsynssona til den Trondhjemske postvei og på den opparbeidde grusplassen på eigedomen. Tiltaket er soleis ikkje i konflikt med postvegen, og vil heller ikkje verke skjemmande på denne.

### **Statens vegvesen – Transport og samfunn**

Skriv mellom anna:

Tiltakshavar var oppteken av at postvegen skulle ivaretakast og har sjølv teke svært godt vare på vegen som går over hans eigedom.

Når det gjaldt bygging innafor omsynssona meinte både Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen at dette var uheldig, noko tiltakshavar også var einig i. For ham var det ikkje eit problem å flytte plasseringa noko sørover slik at den kom utanfor omsynssona.

#### **Vurdering av denne saka**

SVV har stor forståing for behovet for å sette opp ny driftsbygning. SVV er derimot skeptiske til bygging innanfor omsynssona til postvegen, og ber om at ny driftsbygning vert sett opp utanfor omsynssona. I denne saka var også tiltakshavar einig, og meinte at plasseringa av driftsbygningen fint kan endrast utan at dette vil føre med seg noko større problem.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av tilråding frå Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen.

### **Regelverk**

- Endring av tiltak er søknadspliktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for saksbehandling går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Tiltak skal nabovarlast i samsvar med pbl. § 21-3.
- Krav til visuelle kvalitetar i tiltaket går fram av pbl. § 29-2.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK), jf. pbl. § 29-5.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

## **Mynde**

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr. 20/17275**

## **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

## **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande

Knut Bjørnevoll

Avdelingsleiar

Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Teikningar

Kulturfagleg uttale til søknad - bygging nær Den Trondhjemske postvei - gbnr 106/11

Fanebust - Alver kommune

Kulturminnefagleg fråsegn - Driftsbygning - Den Trondhjemske postvei - gbnr 106/11

Fanebust - Alver kommune

**Mottakarar:**

Harald Johannes Hansen

Fonnestvege 5955  
n 128 A

LINDÅS